

## Litt om Skipevågsagjå, eller sagene. Kor stod dei?

Allereie på 1600-talet var det sag i Skipevåg. Det blei til og med eksportert trelast bl.a. til Skottland. Noko meir om den saga som var då veit me ikkje, anna enn at den må ha teke vatn i elva frå Skjøljavatnet. Denne elva har eg ikkje høyrte nemnt med namn så ofte, men «Skjøljaelva» har av og til blitt brukt. Frå saker og papirer frå slutten av 1700-talet og ut på 1800-talet blir elva derimot kalla Skipavågelva, eller skrive slik: «Skibevaagelven». Elva er ikkje lang (ca 400 m), og fallhøgden frå Skjøljavatnet er vel 20 m.

På 1700-talet før 1770 hadde Ropeidgarden sag med vasskraft frå Skipavågelva. Ropeid hadde og sag ved Tysselandselva i Saudafjorden, men ein del av skogen på Ropeid måtte nok løypast til Vindafjorden. Om Ropeid hadde denne saga i lag med Skipavåg går ikkje tydeleg fram, men det er sannsynleg. Det var slektsband mellom Ropeid og Skipavåg på den tida og. Ola Torkelsen Skipevåg fekk skøyte på garden i 1757. Han var gift med Inger Torjusdotter Ropeid.

Berre 11 år seinare, i mars 1768 dett sonen til Ola og Inger, Torjus gjennom isen i Skipavåg. Faren skulle berga han, men dei drukna begge to. Faren Ola var 49, sonen 17 år. Enkja sat att med tre jenter, Bryndla 20 år, Borghilde 5 år og Inger 1 år.

I 1769 vart eldste dottera Bryndla gift med Lars Tjerandsen, som var av Bårdsætta på Fosstveit i Sauda.

Lars fekk skøyte på Skipevåg i 1770, og etter det hadde ikkje Ropeid sag i Skipevågelva. Det var ei sak mellom Ropeid og Skipevåg om grenselinjene i Barlundvikjå i 1775.

Forholdet mellom nabogardane var kanskje ikkje slik det hadde vore i førre generasjon.

Denne Saudakaren som hadde gifta seg med odelsjenta i Skipavåg hadde nemlig begynt å hogga tømmer i Barlundvikjå.

Denne fyrste Lars i Skipevåg sette opp sag og dreiv med trelasthandel fortel historia. Om han har rusta opp saga som Ropeid, evt. Ropeid og Skipevåg tidlegare hadde saman veit me ikkje i dag. Eldste sonen til Lars og Bryndla, Ola Larsen f.1776 fekk skøyte på garden i 1804 for 280 riksdalar. Då var ikkje saga med, denne kjøpte han då faren døydde i 1809 for 200 riksdalar.

Ved neste eigarskifte då Lars O. Skipevåg f.1807 fekk skøyte på garden i 1836, er ingenting skrive om saga. Det treng nødvendigvis ikkje bety at saga ikkje var der. Lars hadde skipsverv her inne. I 1856 bygde han ei seglskute på 85 commerce-lest (snaut 200 tonn), og fire år seinare i 1860 bygde svogeren Helleik Torgersen Haugaland ei jekt på denne verven. Ein veit ikkje om fleire farty blei bygde her, men det er ikkje utenkjeleg. Det har blitt fortald at denne verven var på svaberga ved Jupevik, og at Lars O. hadde sag i tillegg til verven. Dermed må det fortsatt ha vore oppgongssag Skipevåg i 1860-åra.

### Men kor var desse sagene plasserte?

Det var nok betydeleg enklare å føre driftsvatn fram til dei to andre sagplassene i Imsland, Vågafossen og Imslandsjøen. Der er fossane og dermed fallet rett ovanom der sagene sto. Elva frå Skjøljavatnet har hoveddelen av fallhøgda heilt oppe ved vatnet, og vassrenna måtte bli forholdsvis lang.

Nokre har meint på at Skipevågsagjå sto i Jupevik, andre har vore, og er skeptisk til dette, og meiner den må ha stått ved elveosen ein stad. Nedskrivaren av desse linjer er blant dei som har hatt mest tru på at lokaliseringa var ved elveosen. Etter befaring og måling langs elva har eg endra oppfatning av det, og meiner at sagjå må ha vore lokalisert i Jupevik. Dei fyrste var oppgongssager som var drivne av vasshjul, kan hende overfallshjul som gir eit høgare dreiemoment. Det må ha vore trerenner med veldig slakt fall fram til eit stykkje før vasshjulet, og den siste biten har då hatt eit mykje brattare fall. Vasshjula blei kun drivne av tyngden og farten på vatnet. Til høgare fall,- dess mindre vatn treng ein til å drive ei stor sag.

Mest sannsynleg har fallet til vasshjulet vore mellom 6 og 10 m, og vasshjulet nokre meter over sjønivå. Skjøljavatnet ligg på vel 20 moh.

### **Alternativ 1. Elvosen:**

Ei sag her kan enten ha vore plassert på ein flate på venstre side av elva (sett frå sjøen) eit stykke oppe i osen, eller heilt ute på sørligaste delen av Roaldsneset. Ingen av desse plasseringane virkar særleg gode, men andre aktuelle plasseringar er vanskeleg å finna. Det er slik at dei øverste ca 80 m av elva har mestedelen av fallhøgden, og dei nederste vel 300 m har svært lite fall. Ein måtte i tilfelle teke inn vatnet på ca 10 moh, og då er ein ikkje langt frå Skjøljavatnet. Dette ville medført at vassrenna måtte gå høgt over bakken i ei lengde av minst 200 m. Terrenget er slik at renna måtte vore plassert i og nær elveløpet i store deler av strekket, med dei ulemper det måtte føra med seg i flaumperiodar.

Rett ovanom den nedeste kulpen er det ein bratt bergvegg som ville gjort at renna måtte ha hatt ein forholdsvis krapp sving før den gjekk vidare til ei sag. Litt lenger oppe måtte renna og svinga noko. Slike renner har eg vanskeleg for å tru at kan svinga så mykje utan at vatnet tek ville vegar. Elvosen er heller ikkje den mest lagelege plassen for tilflåting av tømmer og utskipping av trelast.

### **Alternativ 2. Jupevik:**

Ei vassrenne (slåk) til Jupevik ville utan problem kunne byggjast tilnærma rett, og terrenget stuper naturleg der renna skal stupa ned mot vasshjulet. Deler av denne renna ville og gå noko høgt over bakken, men ikkje på langt nær så langt som i alternativ 1. Resten av terrenget ser lageleg ut for ei vassrenne. Eg kan ikkje skjønna anna enn at det tross alt ville vore enklare å byggje ei brukande vassrenne til Jupevik enn til elvosen. Her er ein og langt vekke frå elveløpet. Total lengda på renna ville og blitt kortare til Jupevik. Transport sjøvegen til og frå saga er og enklare her.

### **Christian B. Finnvik hadde sag på denne staden før ny blei bygd på andre sida av Jupevika.**


I bildet heilt nede ser ein denne saga. Chr. B. Finnvik starta sin virksomhet i Jupevik første på 1900-talet. Henrik Nygaard skreiv: «I 1870-åra kom sirkelsagene her. Kring århundreskiftet var det sett opp mange sirkelsager i bygda. Desse var mykje enklare og meir praktiske i bruk».

Olav Schibeavaag har skrive: «Lars Olsen f.1807 dreiv saga og hadde verft der inne (Jupevik). Berdines Finnvik leigde saga seinare».

Det er difor svært lite sannsynleg at Chr. B. Finnvik bygde ei oppgongssag. Kvifor ser likevel denne sagbygningen i Jupevik bygningsmessig ut som ei typisk oppgongssag? Tomas Finnvik har og hevda at dette må vere den gamle saggå i Skipevåg. Ein teori er at Chr. B. Finnvik har rusta opp, evnt bygd om eksisterande sag til sirkelsag, men brukt sjølve bygningen som den var?

Olav Schibeavaag har skrive at Skipevågsaga låg i Jupevik og kverna låg nedanfor det hans far kalla Myllemyra, og at vatnet til bruka vart teke i "slåk" frå Skjøljavatnet. Han hadde aldri sett merke etter eller høyrte gjete kvern og sagbruk i elva.

Finnvik si virksomhet var i utgangspunktet isdrift med uttak av is frå Skjøljavatnet, og saga har eg forstått var meir til produksjon og vedlikehold av isrenner, og skjering av tønnestav. Kommersiell sagbruksvirksomhet og trelasthandel var noko som utvikla seg meir etter kvart. Det blei seinare sett opp ny sag på andre sida av Jupevika.




Bildet syner den første saga til Chr. B. Finnvik. Det mest sannsynlege er at sagene har vore lokaliserte i Jupevik på staden der denne saga står.



Biletet syner ei typisk sirkelsag som er bygd ca 1900. Ein hadde ikkje behov for så stor takhøgde med denne type sag.

### **Sag i Jupevik, Skipevåg i over 300 år**

Det har dermed vore sag i Skipevåg, mest sannsynleg lokalisert i Jupevik i over 300 år. Det blei eksportert trelast frå Skipevåg på slutten av 1600-talet. Det er skriftleg dokumentasjon på at det var sag her i 1760, 1780, 1809, 1856 og ca 1870. Frå ca 1904 drive av Chr. B. Finnvik og hans etterkomarar. Han bygde ny sag litt lenger ute i Jupevik, den brann ned og ny sag blei bygt ca 1945. Denne saga er i god stand og fortsatt i drift av Johan Finnvik som er barnebarnet til Christian Berdines.



Kartet viser dei to alternativa for vassframføring til sag ved Elveosen og Jupevik.



Imslandsaga. Bildet viser kor mykje enklare vassframføring til saga var her i forhold til i Skipevåg.